



Sak nr 5/2009

Møtedato: 28.1.09

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

## Søknad om vinterjaktprøve - NISK

Norsk irsksetter klubb søker om å få arrangere si årlege vinterjaktprøve i allmenningen den 28.2 og 1.3.09.

I følgje hundeloven § 8 kan jakthundtrening, jakthundprøver og dressur berre skje med samtykke av grunneigaren eller den som har en allmenn bruksrett til eigedomen. For statsallmenningane gir fjellstyret samtykke.

### Vedtak:

Fjellstyret godkjenner søknaden på følgjande vilkår:

1. Prøvedato: 28.februar og 1.mars 2008.
2. Areal: Vestre Slidre statsallmenning.
- 3.Slepp: Maksimalt 2 hundar lause på same tid.
- 4.Retur: Deltakarane skal følgje partiet under prøva. Dersom ein representant frå klubben følgjer dei tidlege utslegne deltakarane tilbake til parkeringsplassen, er det tillate at ei gruppe kan forlate partiet. Retur langs veg blir rekna på lik line med retur i terrenget.
- 5.Rapport: Klubben pliktar å sende inn rapport til fjellstyret fyrst måndag etter prøva.
- 6.Pris: Kr 80 pr. startande hund, betalast inn til bankgiro 2153 07 04561 innan 14 dagar etter prøvedato.
- 7.Klubben pliktar å orientera distriktsveterinæren om jaktprøva etter gjeldande lovverk.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 30.1.09

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: NISK